

siv. ing. Vidar Mjøs

Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN
Tlf. 55 59 82 62 faks 55 59 82 57
vidar-mj@online.no

Radøy kommune
5936 MANGER

postmottak@radoy.kommune.no

20. februar 2015

Plansak 12602010000300 - Fløholmen. Plankrav.

Kommunens brev adressert hit, datert 18. 02. 2015, ref. 14/178 - 15/1958 :

Referanser: Dykkar: Vår: 14/178 - 15/1958	Saksbehandlar: Tonje Nepstad Epland tonje.epland@radoy.kommune.no	Dato: 18.02.2015
---	---	---------------------

Plansak 12602010000300 - Fløholmen - unntak frå plankrav og refusjon av gebyr - svar

Dykkar e-post av 11. februar 2015.

Det er i gjeldande kommuneplan krav til utarbeiding av reguleringsplan for eigedomen før søknad om løyve til tiltak kan godkjennast. Det er tidlegare søkt om dispensasjon frå plankrav, og avslag i saka er stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland 6. september 2013.

Refusjon av gebyr kan bare skje etter søknad frå tiltakshavar om redusert gebyr. Ein slik søknad må vere grunngjeven, jf. lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning pkt. 4.12.

4.12 Søknad om redusert gebyr
Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Fastsetting av gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning


Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kommunen skriv her at det i gjeldande kommuneplan er krav til utarbeiding av reguleringsplan for eigedomen før søknad om løyve til tiltak kan godkjennast.

I den versjonen av kommuneplankartet som ligg ute på Braplan er det lagt eit raudt rutenett på område som i kommuneplanen er belagt med plankrav (sosikode H710).

Det framgår rimeleg tydeleg av dette kartet at industrieigedomen på Fløholmen - inklusive Grønholmen - ikkje er belagt med plankrav.

Kommuneplanens plankrav gjeld berre småbåthamna, jamfør dette utsnittet av plankartet :



Det ligg føre eit rammeløyve datert 22. 12. 2009 for planering av industrieigedomen (delegasjonssak 324/09) basert på søknad herifrå datert 04. 05. 2009.

Dokument nr. 4 i sak 324/09 er eit utgåande brev frå Radøy kommune stila til Anita Myking med kopi til Gro Lavik Myking, datert 06. 04. 2009, same dateringsdato som merknaden frå Gro Lavik Myking (Dok. 5).

I førehandskonferanse med kommunen 2. mars 2009 gav Kjersti Flatraker uttrykk for at ein på kommunalt hald var positivt innstilt til småbåthamna - og at denne kunne omsøkjast som eit tiltak.

Eg vil be om å få tilsendt kommunens dokument frå førehandskonferansen og ei forklaring på stemningsskiftet i Dok. 4 (vedlagt).

Fløholmen AS tek no sikte på å gjennomføra 1. steg i den planlagde tomteplaneringa, jamfør vedlagte situasjonsplan med snitt og oversiktskart, datert 26. 01. 2015.

Kommunens brev av 18. 02. 2015 kan skapa nye mistydingar. Eg tillet meg å be om ei oppklaring, snarast.

Med helsing

Vedlegg (3)

Kopi : Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen, post@floholmen.no